

SVEIO KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: torsdag 1. oktober 2015

Tid: kl. 18.00

Sted: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Rådmannen og representant frå SIM IKS er invitert/kalla inn for å orientere i sak 24/15.

Sakliste:

23/15 Godkjenning av protokoll frå møte 08.09.15

24/15 Referat- og orienteringssaker 01.10.15

25/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – «Sakshandsaming, service og haldningar»

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 23.09.15

Håkon J. Skimmeland
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(er invitert/innkalla)
	Varamedlemmer	(til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	01.10.15	23/15
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 08.09.15

Vedlegg: Protokoll 08.09.15


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 08.09.15 følger vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 08.09.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 23.09.15



Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 8. september 2015 blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Håkon J. Skimmeland.

MØTESTAD:	Glasburet, Sveio kommunehus
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Håkon J. Skimmeland (Ap), Oddbjørg Hovland (MDG/SV) og Andreas Bårtvedt (H) Bårtvedt gjekk kl. 19.00, før sak 20/15
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Lars Vierdal (Sp)
FORFALL:	Kristi Henden Tveitaskog (Sp), Tor Røkenes (V) og varamedlem Bjørnar Økland (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Ingen frå Kpmg AS (etter avtale)
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen fra administrasjon (etter avtale)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Utvalet ønskte innsyn i varslingsaka som eige sak. Sak 21/15 blei handsama fyrst, deretter blei sakslista fylgd, med unnatak av ekstrasaka 22/15, som blei tatt opp før sak 20/15

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 16/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.06.15

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 16.06.15 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.15:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.15:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 16.06.15 blir godkjent slik han føre.

SAK 17/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.09.15

25. Statusrapport pr. september 2015
26. Kommunestyrevedtak 15.06.15, sak 46/15 - Papirlause politiske møter
27. NKRF overtar sekretariatet for FKT
28. Bernt svarer: Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
29. Datatilsynet – gebyr for avvik hos kommuner
30. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
31. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.15:

25. Utvalsleiar orienterte at han hadde tatt kontakt med revisor om status for arbeidet med forvaltningsrevisjonsrapporten. Dei var ferdig med intervju og kunne få klar rapport om nokre veker. Utvalsleiar hadde sterkt ønske om å få lagd rapporten fram for kommunestyret i møtet 12.10.15, og at det ville krevje eit ekstramøte i kontrollutvalet. Utvalet støtta leiar og dei blei samd i å setje torsdag 1. oktober for nytt møte.

Utvalsleiar ønskte også at rådmannen møtte i neste møte for å gjere greie for SIM IKS si konkurranseutsetjing av tenester som ein vidare oppfølging av selskapskontrollen i 2012 og oppfølginga i 2014. Utvalet gav leiar fullmakt til å utarbeide spørsmål i forkant av møtet.

26. Utvalsleiar har teke opp med ordførar og kommunalsjef at kontrollutvalet også må bli tatt med når det gjeld å bli papirlause. Utvalet får i dag alle saksdokument til alle utval, og det vil her vere mykje å spare. Han var lova at sak vill bli fremja.
28. Dette har skjedd i Sveio kommune og det er veldig greitt at det vert omtalt og gjort kjent.
30. Også dette har vore uklart og det er noe klarare etter at departementet har gjeve si uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.15:

Kontrollutvalet tar referatsakene 25-31 til orientering.

Kontrollutvalet vil be om ei utgreiing om SIM IKS si konkurranseutsetjing av tenester i neste møte 01.10.15. Utvalet gjer utvalsleiar fullmakt til å utarbeide spørsmål i forkant.

SAK 18/15 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2015

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2015 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.15:

Utvalsleiar gjorde greie for denne årlege saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.15:

Sveio kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2015 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

SAK 19/15 BUDSJETT 2016 – KONTROLL OG TILSYN - UTVALET SI INNSTILLING

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for ansvar 100010 Revisjon og kontrollutval i Sveio kommune vert på i alt **kr 590.000 eks mva** for 2016 fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 11/110)	kr	46.000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	159.000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	385 000

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.15:

Utvalssekretær gjorde greie for oppsettet. Utvalsleiar meinte at opplæring, spesielt det fyrste året i valperioden var svært viktig. Framlegget på kr 7000 vil ikkje strekkje til for 5 medlemmer. Han gjorde framlegg om at posten vart auka med kr 23.000 til kr 30.000.

Kontrollutvalet sine utgifter vert med dette sett til kr 69.000 og samla budsjett til kr 613.000. Utvalet slutta seg til Skimmeland sitt framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.15 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for ansvar 100010 Revisjon og kontrollutval i Sveio kommune vert på i alt **kr 613.000 eks mva** for 2016 fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 11/110)</i>	<i>kr</i>	<i>69.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>159.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>385 000</i>

SAK 20/15 EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I INNEVERANDE PERIODE 2011-2015

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome fram i forkant av møtet og i møtet, og å legge referatet fram for det nye kontrollutvalet i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.15:

Sekretær hadde ikkje i forkant motteke tilbakemelding på utsendt skjema. Skjemaet blei gjennomgått i møtet og sekretær noterte seg innspel. Utvalsleiar framheva konferansane som svært lærerike, sjølv om han berre hadde delteke på ein pga. budsjettsituasjon til kommunen. Utvalet kom med mykje ros til sekretariatet og revisjonsselskapet for deira arbeid.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.15:

Sveio kontrollutval ber sekretariatet om å samanfatte dei innspela som har kome fram i møtet, og å legge referatet fram for kontrollutvalet i neste møte.

SAK 21/15 VAL AV REVISOR FOR PERIODEN 2016- 2020

Handsama i lukka møte, jf. kommuneloven § 31.2. Vedlegg 3 og 4 – ikkje offentleg, jf. OFL§ 23.3

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kommunestyre vel revisjonsselskapet xxxxx som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.15:

Vedlegg 3 og 4 blei delt ut og gjennomgått i møtet.

Utvalssekretær gjorde greie for dei to innkomne anboda frå Kpmg og Deloitte. Ut frå vektinga av anbodskriteria, er det anbod nr 2 (Deloitte) som skårar høgast. Utvalet støtta dei vurderingane som sekretariatet hadde gjort, slik det kom fram i anbodsevalueringane i vedlegg 3 og 4. Utvalet meinte vedlegga gav eit godt grunnlag for velje det tilbodet som var “*det økonomisk mest fordelaktige*” for kommunen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.15 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre vel revisjonsselskapet Deloitte AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

EKSTRA-

SAK 22/15 VARSLINGSSAKA MOT RÅDMANNEN – KRAV OM INNSYN

Handsaming i kontrollutvalet 08.09.15:

Utvalsleiar viste til Hovland si førespurnad om innsyn i dokument i juni og handsaminga av saka slik det går fram av protokoll frå møtet 16.06.15 under Eventuelt. Som tidlegare omtala, kan utvalet utan hinder av teieplikt, krevje ein kvar opplysning eller dokument som utvalet finn naudsynt for å gjennomføre sine oppgåver (forskrift § 5), men slikt innsyn krev vedtak.

Utvalet var i samd i at dei ønskte innsyn i dei dokumenta som var lagd på bordet for kommunestyret på «rosa» ark i møtet 15.06.15, dvs. medarbeidarundersøkinga frå 2013 og 2015 og Arbeidstilsynet si fulle rapport i neste møte. Hovland var spesielt oppteken å sjå nærare på konklusjon og framlegg til tiltak, og om dette blir følgd opp.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.09.15:

Sveio kontrollutval viser til forskrift om kontrollutval § 5 og vil be administrasjonen legge fram dei dokumenta for kontrollutvalet som blei lagd fram for kommunestyret i møtet 15.06.15 under referatsak 38/15 Referat og meldingar vedk. varslingsaka mot rådmannen i neste møte, fastsett til 01.10.15.


EVENTUELT

Neste møte

Utvalet sette **torsdag 1. oktober** for nytt kontrollutvalsmøte. Møtet blir då det siste i denne valperioden.

Sveio/Aksdal, 8. september 2015

Håkon J. Skimmeland
kontrollutvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	01.10.15	24/15

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 01.10.15**Vedlegg:**

- 32. Statusrapport pr. oktober 2015
- 33. Innsyn i dokument lagt fram i kommunestyret 15.06.15, sak 15 - Varslingssaka
 - Arbeidstilsynets rapport – Ikkje offenteleg , jf OFL § 23.
 - medarbeidarundersøkinga 2015
- 34. Oppfølging av selskapskontroll i SIM IKS v/representant frå SIM IKS
- 35. Valg av kontrollutvalg for perioden 2015-2019 – brev fra FKT og NKRF

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar referatsak 32 - 35 til orientering.

Aksdal, 23.09.15

Toril Hallsjø
Utvalssekretær



32

Kontrollutvalet i Sveio - Statusoversikt oktober 2015

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
«Sakshandsaming, service og haldningar»	03.02.15, sak 3/15	200 timar	Ferdigt	Sept./okt. 2015	KPMG AS
Selskapskontroll					
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Hand-saming i KU	Hand-saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Sakshandsaming, service og haldningar»	03.02.15, sak 3/15	01.10.15, sak /15	12.10.15, sak	12 mnd.	
«Spes. ped. tiltak»	28.01.14, sak 3/14	23.09.14, sak 26/14	03.11.14, sak 73/14	Innan 31.12.15	KPMG AS
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	09.09.14, sak 19/14	20.04.15, sak 10/15	11.05.15, Sak 26/15	Innan våren 2016	Deloitte AS
Oppfølging - SIM IKS		29.04.14, 11/14	19.05.14,		
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp i KST	Merknader
Pleie- og omsorgs-tenestene	16.04.13, sak 14/13	19.11.13, sak 30/13	16.12.13, sak 85/13	03.11.14, sak 73/14	Laga av KPMG AS
Plan for forvaltnings-revisjon 2012-2016	22.05.12, sak 11/12	18.09.12, sak 22/12	22.10.12, sak 101/12	I 4-års perioden	Laga av KPMG as
Selskapskontroll					
Plan for selskaps-kontroll 2012-2016	-	18.09.12, sak 21/12	22.10.12, sak 100/12	I 4 års perioden	Laga av sekretariatet
SIM IKS	21.12.11, sak 25/11	18.09.12, sak 20/12	22.10.12, sak 102/12	Inga frist	Deloitte as
Andre saker					
Overordna analyse for forvaltningsrevisjon	22.05.12-	18.09.12, sak 22/12	22.10.12, sak 101/12		Laga av KPMG as

Sveio kommune
Postmottak
Postboks 40

5559 SVEIO

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
		15/310/216/tha	15.09.15

KRAV OM INNSYN _ VARSLINGSSAKA MOT RÅDMANNEN

Vedlagt følger særutskrift i ekstrasak 22/15 frå møte i kontrollutvalet 08.09.15. Utvalet vedtok samrøystes følgjande:

Sveio kontrollutval viser til forskrift om kontrollutval § 5 og vil be administrasjonen legge fram dei dokumenta for kontrollutvalet som blei lagd fram for kommunestyret i møtet 15.06.15 under referatsak 38/15 Referat og meldingar vedr. varslingsaka mot rådmannen i neste møte, fastsett til 01.10.15.

Vi vil be om at dokumenta vert kopiert opp til neste møte, slik at medlemmane vert orientert. Neste kontrollutvalsmøte er, som omtalt, torsdag 01.10.15 kl. 18.00.

Vidare er det ønskje om at rådmannen sjølv møter.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt med utvalssekretær på tlf. 95 98 69 79 eller e-post: tha@kontrollutvalgene.no .

Med helsing

Toril Hallsjø (sign)
Dagleg leiar

Vedlegg: Særutskrift i ekstrasak 22/15 – kontrollutvalet 08.09.15

Sveio kommune
Postmottak
Postboks 40

5559 SVEIO

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
		15/311/216/tha	15.09.15

OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL - SIM IKS

Vedlagt følger særutskrift i sak 17/15 frå kontrollutvalet sitt møte 08.09.15 kor kontrollutvalet samrøystes vedtok følgjande:

Kontrollutvalet vil be om ei utgreiing om SIM IKS si konkurranseutsetjing av tenester i neste møte 01.10.15. Utvalet gjer utvalsleiar fullmakt til å utarbeide spørsmål i forkant.

Dersom det er spørsmål, ta kontakt med utvalsleiar Håkon J. Skimmeland på tlf. 990 13 379 eller e-post haakonskimmeland@hotmail.com

Med helsing

Toril Hallsjø (sign)
Dagleg leiar

Vedlegg: Særutskrift i sak 17/15 – kontrollutvalet 08.09.15



Til

- Kommunene
- Fylkeskommunene

Att.: Ordfører / fylkesordfører
Rådmann / fylkesrådmann
Kontrollutvalget
Saksansvarlig valgteknisk forberedelse
Ev. videresending til representanter for valglister til kommune- og fylkestingsvalget

Valg av kontrollutvalg for perioden 2015–2019

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) er en interesseorganisasjon for kontrollutvalgene i norske kommuner og fylkeskommuner og sekretariatene deres.

(Kontaktinformasjon: www.fkt.no | fkt@fkt.no | 403 90 775)

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) er en interesseorganisasjon for alle som arbeider med revisjon av kommunal virksomhet og sekretærfunksjonen for kontrollutvalg.

(Kontaktinformasjon: www.nkrf.no | post@nkrf.no | 23 23 97 00)

Kontrollutvalget er ett av de få lovfestede utvalgene i kommunen/fylkeskommunen. Kontrollutvalget er blitt et stadig mer sentralt utvalg, ikke minst på grunn av økt fokus på forvaltningsrevisjon og selskapskontroll som tillegg til finansiell revisjon. Det gjør også at kommunestyrene prioriterer utvalget høyere nå enn før. FKT og NKRF ser det som en naturlig og gledelig utvikling.

Utvalget er ellers spesielt mht. hvem som kan velges. Vi fikk både i 2007 og i 2011 mange meldinger om feil ved valg av kontrollutvalg, og vi vil derfor gi noen råd og innspill før nytt utvalg skal velges i 2015. Vi vil også peke på noen aktuelle lovkliller og dokumenter:

- KommuneLOven §§ 77–80
- Forskrift om kontrollutvalg
- KRd, rapport: "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane", av des. 2009
- "Kontrollutvalgsboken, om kontrollutvalgets rolle og oppgaver", av febr. 2011 (en oppdatert utgave kommer senere i høst)
- Rapporten «Evaluerings av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat», KMD desember 2014

Valg av kontrollutvalg i det konstituerende møtet

Minst ett av medlemmene i kontrollutvalget skal være medlem av kommunestyret eller fylkestinget. Vi minner om at det nå er lovfestet at kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet, etter valg av formannskap/fylkesutvalg, ordfører/fylkesordfører og varaordfører/fylkesvaraordfører, jf. koml. § 17 nr. 2 (og nr. 3).

Antall medlemmer i kontrollutvalget

Lovkravet er at det skal være minst 3 medlemmer i kontrollutvalget. Vi anbefaler at kommunene velger minst 5 medlemmer inn i kontrollutvalget. Det er vår oppfatning at det er en helt annen

dynamikk i kontrollutvalg med 5 fremfor 3 medlemmer. Fem medlemmer i utvalget bidrar til bedre debatt og bredere kompetanse i utvalget. Med 3 medlemmer vil utvalget dessuten være svært sårbart ved forfall til møter.

Hvem kan ikke velges inn i kontrollutvalget?

Kommuneloven § 77 nr. 2 viser hvem som ikke kan velges inn i kontrollutvalget:

"2. Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd, medlem og varamedlem av kommunestyrekomité og fylkestingskomité etter § 10 a og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen."

Videre er det i § 14 nr. 1 b sagt dette om hvem som er utelukket til å kunne velges inn i kontrollutvalget:

«b) Utelukket fra valg er fylkesmannen, assisterende fylkesmann, og den som i vedkommende kommune eller fylkeskommune er administrasjonssjef eller dennes stedfortreder, er sekretær for kommunestyret eller fylkestinget, er leder av forvaltningsgren, har ansvaret for regnskapsfunksjonen i kommunen eller fylkeskommunen, eller foretar revisjon for kommunen eller fylkeskommunen. Leder av enkeltstående virksomheter er likevel ikke utelukket fra valg. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform er ansatte i sekretariatet til rådet som har fått myndighet delegert fra rådet, ikke valgbare.»

Noen det er uheldig å velge inn i kontrollutvalget?

Vi vil peke på noen uheldige rollekombinasjoner som kommunene og fylkeskommunene kan styre klar ved å velge andre personer til kontrollutvalget:

- Kontrollutvalget har et "påse-ansvar" overfor revisjonen, jf. koml. § 77 nr. 4. Vi synes således det er uheldig om kontrollutvalgsmedlemmer samtidig sitter i styret for interkommunale revisjonssamarbeid.
- Kontrollutvalget innstiller i plan for selskapskontroll, og påvirker i stor grad hvilke selskap det skal gjennomføres selskapskontroll i. Kontrollutvalgsmedlemmer som har styreverv i eller har ledende stilling i et av de samme selskapene, er inhabile og skal fratre når utvalget behandler saker vedrørende det aktuelle selskapet, jf. fvl. § 6 første ledd e). Vi mener kommunen unngår rollekonflikter ved å velge andre enn medlemmer av kontrollutvalget inn i selskapsstyret. Dette er et råd for alle selskap der kommunen har eierandeler, men er viktigere jo større det kommunale eierskapet er.

Skal «opposisjonen» ha lederen i kontrollutvalget?

Det er ikke noe lovkrav at opposisjonen skal ha lederen i kontrollutvalget, men det er mange kommuner som har valgt å ta det inn i kommunalt reglement. I KMD sin «Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat» fra 2014 går det frem at 74 % av kontrollutvalgslederne kom fra opposisjonen i 2012 mens det tilsvarende tallet for fylkeskommunene var 94 %.

For å ivareta kontrollutvalgets legitimitet anbefaler vi at lederen av utvalget velges fra et parti som tilhører «opposisjonen» i kommunestyret.

Varaordning

Ved valg av vararepresentanter til kontrollutvalget er det vanlig å benytte forholdsvalg, jf. bl.a. kommuneloven § 37 om forholdsvalg.

En bør være oppmerksom på at en felles varamannsliste vil gjøre kontrollutvalget mindre sårbart ved forfall. Da vil det som regel være samme person som stiller i de møtene det er behov for vara. Det er i tilfelle en forutsetning at kommunestyret/fylkestinget gjør enstemmig vedtak. Reglene for dette går fram av kommuneloven § 38a Avtalevalg.

Kjønnsmessig sammensetting

Kommunelovens regler om kjønnsmessig balanse gjelder også for kontrollutvalget.

Anbefalinger / oppsummering

1. Husk at kontrollutvalget skal velges på konstituerende møte som første utvalg etter formannskap/fylkesutvalg
2. Sats på et kontrollutvalg med minst 5 medlemmer
3. Husk at minst ett av medlemmene i kontrollutvalget skal velges blant kommunestyre-/fylkestingsmedlemmene
4. Kommunens egne ansatte (uavhengig av stillingsbrøk) er ikke valgbare til kontrollutvalget. Dette gjelder også som varamedlem.
5. Unngå å velge kontrollutvalget sine medlemmer inn i styret i revisjonsselskap
6. Unngå å velge ledere eller styremedlemmer i selskap der kommunen har eierdeler inn i kontrollutvalget
7. Vurder å innføre varaordning i rekkefølge

Til orientering viser vi også til rundskriv H-12/15 Val av formannskap/fylkesutvalg, ordfører/fylkesordfører, varaordfører m.m. av 3. september 2015 fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Godt valg!

FKT og NKRF ønsker kommuner og fylkeskommuner lykke til med valg av kontrollutvalg for perioden 2015-19.

Kontrollutvalget er et lovfestet og viktig utvalg i kommunen, som fortjener dyktige medlemmer.

Vi er tilgjengelige for spørsmål som måtte dukke opp i forbindelse med valg av kontrollutvalg.

Med hilsen

Per Rune Vereide (s)
Styreleder FKT

Per Olav Nilsen (s)
Styreleder NKRF

Kopi: Kommunal- og moderniseringsdepartementet og KS

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	01.10.15	25/15
Kommunestyret	12.10.15	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «SAKSHANDSAMING, SERVICE OG HALDNINGAR»

Vedlegg: Rapport- forvaltningsrevisjon –« Sakshandsaming, service og haldningar», utarbeida av KPMG AS (eige hefte)

Bakgrunn:

Kontrollutvalet bad i møtet 25.11.14, sak 31/14 revisor om å leggje fram utkast til prosjektmandat for gjennomføring av forvaltningsrevisjon om sakshandsaming, service og haldningar I Sveio kommune. Utvalet vedtok i møtet 10.02.15 å bestille prosjektet, og at revisor skulle komme med rapport til hausten. Vedtak i sak 3/15 var følgjande:

*Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet « Sakshandsaming, service og haldningar» i tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre.
Ramma for prosjektet vert sett til 200 timer.*

Føremål

Føremålet har vore å evaluere korleis og i kva grad kommunen sikrar: 1) eit høgt servicenivå overfor kommunen sine innbyggjarar, og 2) effektiv sakshandsaming i tråd med lovkrav. Det har også vore eit føremål at forvaltningsrevisjonen skal gje tilrådingar om forbetringstiltak, dersom det blir identifisert forbetringspunkt.

Rapporten

KPMG har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet. Rapporten har vore sendt til Sveio kommune til uttale. Rådmannens kommentarar er innarbeida i rapporten. KPMG v/Lena Davik Fjørtoft har oversendt rapporten til sekretariatet 22.09.15.

Revisor sine konklusjonar går fram av rapporten sin hovudbodskap. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her vert problemstillingar, metode og revisjonskriteria presentert. I kapittel 2 er det gjort greie for fakta kring kommunesn målsettingar, tiltak og opplevde utfordringar knytt til service og sakshandsaming. I kapittel 3 presenterast revisor sine vurderingar. Tilrådingane går fram av kapittel 4. Uttale frå rådmannen er tatt inn i kapittel 5. I vedlegget følgjer revisjonskriteriene som visar til aktuelle lovar som kommunelov og forvaltningslov.

Revisor har følgjande tilrådingar:

1. Kommunen bør gjere tiltak for å sikre at kommunen etterlev lovfesta tidsfristar i sakshandsaming av enkeltvedtak innanfor område skule. Herunder sikre at det vert gitt eit førebels svar i alle tilfelle kor ein ser at ein førespurnad som gjeld enkeltvedtak ikkje kan svarast på innan ein månad.

2. Kommunen bør gjere tiltak for å sikre større tryggleik for at ein yt god service på alle områder i kommunen:

- a. Sikre lik grunnleggande praksis for service. Til dømes gjennom
 - i. å skildre og kommunisere kva ein legg i målsettinga om å vere ein god servicekommune,
 - ii. å opprette og gjere kjend ei felles grunnleggande prosedyre for serviceåtfærd ved elektroniske, papirbaserte og munnlege førespurnadar.
- b. Vurdere å innføre systematisk opplæring i "kundehandsaming" i einingar i kommunen som har utstrakt innbyggjarkontakt.
- c. Utføre innbyggjar-/brukarundersøking med jamne mellomrom for å måle servicegrad og oppnå relevant informasjonsgrunnlag for kontinuerlig forbetningsarbeid.

Vi gjer elles oppmerksam på innspel til kommunens forbetningsarbeid som går fram av rapporten sin vurderingsdel, jamfør særskilt punkt 3.1. og 3.3

Rådmannen har kome med følgjande kommentarar:

Rådmannen opplever at rapporten i hovudsak gir ein god oversikt over sentrale problemstillingar og forhold innan det aktuelle området (Sakshandsaming, service og haldningar). Tilrådingane i pkt. 1 og 2. opplevast i hovudsak som relevante. Under finn rådmannen likevel grunn til å kommentere desse litt nærare:

Tilråding pkt 1.

Det er viktig at dei lovfesta krava vert etterlevd, og rapporten viser at dette har svikta på avgrensa område i kommunen ved fleire høve. Ny kommunasjef for oppvekst/ kultur vil få i oppgåve å sikre at rutinar/ retningslinjer blir etterlevd på ein god måte framover innan dette området, evt at rutiner vert etablert der dei evt måtte mangle og at mynde og ansvar blir delegert på tenleg vis. Dette vil skje i samarbeid med rådmann. Ut over dette må det vurderast kompetanseauke knytt til forvaltningslov og andre relevante lovverk for å styrke forståinga i organisasjonen elles der det er naudsynt.

Tilråding pkt 2.

- a. Rådmannen ser at det kan utarbeidast ei felles skriftleggjort prosedyre eller skildring for service i Sveio kommune. Denne bør evt ikkje vere omfattande, men få fram dei viktigaste forventningane kommunen stiller til området.
- b. Rådmannen ser det som utfordrande å etablere ei systematisk opplæring for tilsette med mye innbyggjarkontakt, dersom denne skal ha stor grad av likskap på tvers av einingar. Slik rådmannen ser det kan einingsleiar (evt kommunalsjef), ut frå ei vurdering av den samla tenesteproduksjonen på eininga, best vurdere korleis omfanget og innretninga til fremjing av haldningar og servicenivå bør skje. Til dømes vil nok kvardagen til skulane vere såpass ulik kvardagen på offentleg servicekontor knytt til brukarkontakt, at det vil vere meir føremålstenleg at kursing

skjer adskilt. Kursing bør likevel alltid skje med utgangspunkt i felles sentrale føringar (jamfør punkt 2a).

- c. *Innbyggjar-/brukarundersøkingar kan vere eit nyttig forbettringsverkty for ein organisasjon. Samstundes er denne typen undersøkingar krevjande reint ressursmessig, metodisk og kompetansemessig å gjennomføre og analysere/ tolke. Dersom Sveio kommune skal utvikle innbyggjar-/ brukarundersøkingar, vil det krevje at eksisterande ressursar vert omprioritert (bort frå anna viktig arbeid). Det vil nok også mest truleg vere naudsynt med ei ressursauke for at ei slik realisering kan vere gjennomførbar. Ein har allereie prioritert stramt for å kunne gjennomføre medarbeidarundersøkinga annan kvart år. Det er nok meir omfattande og krevjande å gjennomføre ei fullskala brukarundersøking enn det er å gjennomføre medarbeidarundersøkinga. Dersom kommunestyret ønskjer jamnlege brukarundersøkingar med tilhøyrande prosessar, må dette utgreiast nærare med tanke på ressursbruk (kost/nytte).*

Ut over dette vil rådmannen understreke at samarbeidet knytt til utarbeiding av denne rapporten har vore godt.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjere vedtak om å følgja revisor sin tilrådingar.

Kontrollutvalet er pålagt ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak knytt til rapporten jf. Kontrollutvalsforskrifta § 12, slik at det er naturleg at Sveio kommune v/rådmannen blir bede om å gje ei tilbakemelding på om dette er fulgt opp om cirka eit år etter vedtak i kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angående forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL**KOMMUNESTYRET:**

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Sakshandsaming, service og haldningar» og tek rapporten til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 23. 09.15



Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær



cutting through complexity™

Sakshandsaming,
service og haldningar.

Forvaltningsrevisjon
Sveio kommune
2015

VEDLEGG

SAK 25/15
(eset hefte)

Haugaland

Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 23.09.15

Journalført: 15/315/4ha

Arkivkode: 216

